



KARANTENENEMNDA

John-Ragnar Aarset

Vår dato	Din dato	Vår referanse
18.03.2022	15.03.2022	2022/17

Avgjerd i samband med overgang til verv som styreleiar i Stiftinga Det Norske Samlaget

Vi viser til di melding til Karantenenemnda 15. mars 2022.

Sekretariatet for nemnda kan etter fullmakt avgjere saker der overgangen til ny stilling, verv eller etablering av verksemd er uproblematisk, jf. forskriften til karanteneleva § 8 tredje ledd.

Vedtak

Sekretariatet for nemnda har, etter fullmakt, gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene eller saksforbod i samband med overgang frå embete som statssekretær i Samferdselsdepartementet til vervet som styreleiar for Stiftinga Det Norske Samlaget. Det er uproblematisk etter karanteneleva at du går inn i dette vervet.

Saksforholdet

Du har vore statssekretær i Samferdselsdepartementet frå 9. mars 2020 til 14. oktober 2021. Det er årsmøtet i stiftinga som skal velje styret og med deg som styreleiar. Valet skal skje i møte finn stad 26. april 2022.

Rett til innsyn og informasjonsplikt

Du har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 jf. § 19.

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv eller opprettar eiga næringsverksemd må du melde dette inn til nemnda for vurdering.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Henrik Rydland Akslen

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:

Statsministerens kontor

Karantenenemnda
Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO
E-post: Karantenenemnda@kdd.dep.no